

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

1. søndag i faste - 14. februar 2016

Preiketekst: Matt 26,36-45

Lesetekst I: 2 Sam 12,1-10

Lesetekst II: Heb 5,7-9

I Getsemane

Tekstavgrensinga

Ingen av dei tre tekstane for dagen er naturleg avgrensa i forhold til korleis dei står i Bibelen. Teksten om David og Natan burde ha halde fram til og med v.14. Teksten frå Hebrear brevet tek til midt i ei setning og sluttar midt i ei anna setning i den greske originalen, og det er kanskje forståeleg, sidan greske setningar i NT ofte er veldig lange. Men sjølv i den norske bibelomsetjinga er vers 9 og 10 ei setning, dvs oppgitt tekst som skal lesast blir avslutta med eit komma. Preiketeksten frå Matteus blir avslutta midt i eit sitat av Jesus, dvs Jesus snakkar i vers 45b og 46, men av ein eller annan grunn får ikkje Jesus snakka ferdig i evangelieteksten.

Eg meiner det er naturleg å streva etter å sitera heile setningar frå antikke tekstar. Endå viktigare er det å la tema Bibelen talar om i same kontekst òg blir formidla i same kontekst i gudstenestene. Det er riktig at bibeltekstane inneheld nokre vanskelege ord (*øvsteprest* og *Melkisedek* i Heb 5,10), og nokre teologisk krevande punkt (*svikaren* i Matt 26,46 eller konsekvensen av synda til David i 2 Sam 12,11-14), men er det ikkje for å møte Gud i hans usminka ord det blir halde gudstenester?

Sjølv om ein alltid må gjera utval i ei preike, så er einkvar forkynnar ansvarleg for å forkynna bibeltekstane i konteksten sin uavhengig av korleis tekstrekkene er redigert.

Getsemane

På hebraisk er namnet på hagen *Gat Shmonim*, som tyder (Oliven)oljepresse. Vi snakkar om ein inngjerda hage der olivenoljeproduksjon var hovudaktiviteten. For å utvinna olivenolje brukar ein ein stokk for ovanifrå å pressa på små korgar med oliven. For å utvinna mest mogleg olje heng ein etterkvart på vekter på stokken, slik at olivenane verkeleg blir knust. Namnet på hagen er dermed ein god illustrasjon på korleis Jesus blei knust, då han var "sorgtyngd til døden" (Matt 26,38, sml Luk 22,44).

Vakenatta

Jesus seier at læresveinane skal vaka og be (Matt 26,41), noko vi ikkje skal tolka som at Jesus stiller urimelege krav etter ein lang dag, men som at Jesus følgde jødisk tradisjon der pesachnatta (påskennatta) skulle vera ei vakenatt. Dette med vakenatt er belagt i Tosefta som er nedskrive ca år 200 e.Kr., mens innhaldet har vore tradert lenge før det (sml 2 Mos 12,8.11, som forutset vaking).

Fridomen Israelfolket fekk frå Egypt den første påska måtte heile tida passast på og vakast over. For Jesus, som skulle gå inn og overta rollem som påskelammet hadde, (2 Mos 12,1-28; 2 Kor 5,7-8) var det viktig å førebu seg for å bringa fridom. For læresveinane handla det om å vera saman med ein ven når det var vanskeleg, men vel så viktig er det at skulle læresveinane då – og læresveinane no – skjønna noko av kva det kosta Jesus å bringa fridom, så er det pedagogisk å møte ein liten del av utfordringa sjølv. Setninga "Ånda er villig, men kjøtet er veikt" (Matt 26,41) kan kanskje lærast bort som eit akademisk faktum, men utan personleg erfaring, kamp og nederlag gir ikkje Jesus sin påstand meining. Sml Rom 7,7-13 og David i leseteksten som ikkje eigentleg skjønna han hadde eit problem med Gud, før profeten Natan kom og eksplisitt konfronterte han. Viss ikkje

vi menneske erfarer denne kampen i vårt indre, kan fort haldningar som "Gud er ein profesjonell tilgjevar, sidan det er jobben hans", vinna mark.

Begeret

Jesus ber om at "begeret" (Matt 26,39; 42) skal gå forbi han, viss det er mogleg. "Beger" er ofte brukt for å fortelja kva verten har å tilby gjesten sin. Rett før kampen i Getsemane hadde Jesus og læresveinane m.a. drukke "velsigningsbegeret" (Luk 22,20; 1 Kor 10,16). Sml òg Sal 16,5; 23,5; 116,13.

Begeret Jesus helst vil sleppa å drikka er av ein heilt annan type: "Herren har eit beger i handa med skummande, krydra vin. Han skjenkjer i av vinen, og alle urettferdige på jorda må drikka, jamvel botnfallet må dei tømme." (Sal 75,9). Andre rimeleg brutale døme der "beger" er meint som straff for Israel og folkeslaga kan ein finna i Jes 51,17-23; Jer 25,15-29; 49,12; Klag 4,21; Esek 23,28-35; Hab 2,16. Kva var det Jesus bad om å få sleppa? Kva var det som kunne få Jesus til å bli sorgtyngd til døden? For å gje gudstenestegjengarane sjanse til å forstå noko av presset Jesus var under, og kva Jesus sikta til då han bad om å få sleppa "begeret" er det lurt – om enn ikkje koseleg – å sitera eller i det minste referera frå nokon av dei stadene i Bibelen der "beger" er meint som straff. Det er alltid ubehageleg å ta ei straff – enten det no er si eigen velfortente straff eller det er andre si velfortente straff.

Jesus – livsnytaren (Matt 11,19) – bad at Fars vilje skulle råda i denne saka med begeret fullt av vredevin.

Jesus sine utfordringar

Jesus var av Davids ætt (elles ville han ikkje vore verken Messias eller Frelsar). Profeten Natan hadde formidla Guds lovnad til David: "Ditt hus og ditt kongedøme skal stå fast til evig tid for mitt andlet, og din kongsstol skal stå støtt til evig tid." (2 Sam 7,16). Ikkje mange kapittel etter lovnaden var gitt måtte Natan troppa opp hos kongen, med ein viss fare for livet sitt, for å konfrontera kongen med slikt vi i dagens samfunn ville kalla "dyneløfting" eller "privatliv". Det gjekk så som så med Davidsdynastiet. Om etterkomarane til David står det slik: "Fordi Herren var vreid på Jerusalem og Juda, gjekk det som det gjorde, og til sist kasta han dei bort frå sitt andlet" (2 Kong 24,20). Davidsonen (Matt 1,1) hadde ein tung familiearv å retta opp i. Det blir kamp av slikt.

Jesus visste han skulle leverast over i "syndarhender" (Matt 26,45). Dei som skulle stå der og piska på Jesus og på andre måtar fornærma og plaga han, dei var syndarar. Dei hata og forakta Jesus, og fant sikkert masse nyting i å plaga han mest mogleg. Ein ting er å ta ein straff når det skjer i kontrollerte former, men å bli utlevert til hat krev meir. Særleg dersom ein skal utlevera seg sjølv frivillig.

Delt sorg er halv sorg, heiter det. Det kan gjera godt å ha ei hand å halda i. Men det var ingen som orka å dela sorga til Jesus i Getsemane. Mogleg dei prøvde på eit vis, men dei fekk det absolutt ikkje til. Jesus måtte møta heile frustrasjonen og dødsangsten åleine. Slik er det når venene ein har vald seg ut ikkje er særleg stabile.

I verset tekstkommisjonen ikkje vil vi skal lesa (v.46) står det at Jesus visste om at Svikaren var nær. Ein av dei aller nærmaste venene til Jesus gjekk så langt at han aktivt dreiv med forræderi. Sviket er på nivå med at Han ikkje eingong kan stola på soknerådet og leiarskapet i kyrkja.

Jesus hadde utfordringar. Var det slike folk han skulle tømme vredebegeret for? Frivillig? Er dette med synd verkeleg så alvorleg at Gud måtte driva med dødsstraff og menneskeoffer (Jes 53,10) for å få bukt med problemet? Var det ikkje nok å seia at "Gud elsker alle menneske" og at "alle menneske er verdifulle"?

Kampen for å vera lydig

Jesus, øvstepresten av same slag som Melkisedek, dvs den opphøgde som velsignar, han måtte ropa høgt. Naudrop. Høge skrik. Tårer. Ordet som blei menneske dreiv og skreik av angst. Guds Son sende ut SOS-signal. Og tårane rann (Heb 5,7).

Lydnad kan ein berre læra ved å lida (sml Heb 5,8). Dersom du er heilt samd med sjefen og kan gjera akkurat som du sjølv vil, så fell det utanfor definisjonen av "lydnad". "Lydnad" kan berre påvisast når nokon gjer mot sin eigen vilje. Til og med Sonen måtte læra lydnad. Ikkje eingong Sonen frå himmelen oppførte seg autonomt. Han bad: "Lat viljen din råda". Reint kjenslemessig var det sikkert heilt forferdeleg. Blodsmak i munnen – minst. Men Sonen frå himmelen gjorde det likevel. Han tok straffa på vegne av alle oss andre og blei ei kjelde til evig frelse (Heb 5,9a).

Etter bønemarken i Getsemane: hadde Jesus verkeleg gått mot Golgata dersom det hadde vore

andre alternativ?

Vår lydnad ligg i å seia det same som Gud, dvs å vedkjenna syndene våre, dvs å seia at det Gud meiner er synd, det er synd, om så kjenslene våre og heile samfunnet seier noko anna. Det krev masse lydnad. Kanskje óg naudrop, høge skrik, tårer og anna av same slag. Det var alt anna enn "livsnyting" for David då profeten Natan kom og blanda seg opp i livet hans. Det er ikkje lett å bli samd med Gud. Det er ikkje automatikk i at vi meiner kva munnen seier då vi ber: "Lat viljen din råda." Det skumle er at denne her evige frelsa som det står om at Jesus bringa, den står det slik om: "Då han hadde nådd fullendinga, vart han ei kjelde til evig frelse *for alle som lyder han*, han som av Gud vart kalla øvsteprest av same slag som Melkisedek." (Heb 5,9-10). "Stå opp, lat oss gå", sa Jesus (Matt 26,46). Det var noko han måtte ordna for oss!

Andreas Johansson

Teolog. Den Norske Israelmisjons stedlige representant i Israel.

ncmi.israel.representative@gmail.com